






1	Kva land sin nasjonalsong høyrer vi her?	
2	I kva for eit land går handlinga føre seg i filmen Black Hawk Down (2001)?	
3	Kva heiter dette insektet , med vitskapleg namn <i>Drosophila melanogaster</i> , som først og fremst er kjent som modellorganisme innanfor genetik og utviklingsbiologi?	
4	Kva heiter det sørlegaste punktet på det afrikanske fastlandet?	
5	Kva heiter den katolske misjonsstasjonen som var åstad for eit berømt slag mellom meksikanarane og texanarane i 1836?	
6	Kva heiter legemiddelet frå produsenten Grünenthal som vart seld på 50- og 60-talet til bruk mot t.d. morgonkvalme hjå gravide, og som viste seg å gjere stor skade på fosteret. Skaden varierte etter når i svangerskapet legemiddelet vart nytta, men den skaden som er mest kjend, er deformerte ekstremitetar. Mellom ti og tjue barn vart ramma i Noreg på tidleg sekstital, men internasjonalt reknar ein 10 000–20 000 offer. Det vert av mange rekna som den største legemiddelskandalen nokonsinne.	
7	Kva var det arkitekten Georg Fredrik Fasting vann ein konkurrans om å teikne i 1932? Juryen uttalte: "Utkastet viser en helt frapperende enkel løsning av opgaven, såvel teknisk som estetisk set vel gjennomarbeidet. Det løser alle programmets fordringer på en tilfredsstillende måte. Såvel i planløsning som opbygning har forfatteren truffet midt i blinken. Utkastet har en sådan form at [...] med denne utførelse kan opstilles nær sagt hvorsomhelst."	
8	Kva kallar vi denne flate skotypen i kraftig bomull med fletta tausåle som har namn etter ein grastype, og som opphавеleg vart brukt av spanske fiskarar?	
9	Kva heiter kryssordforfattaren i Dagbladet? Han lagar eit kryssord kvar onsdag og laurdag, og har også utgitt eigne hefte med desse kryssorda.	
10	Kva heiter det narkotiske stoffet praktisk talt alle personane tek i romanen <i>Vidunderlige nye verden</i> (<i>Brave New World</i>) av Aldous Huxley, så dei slepp unna negative kjensler og ubehag?	
11	Kva heiter dette stjernebiletet frå den nordlege halvkula? Den mest lyssterke stjerna heiter Deneb, og stjernene i midten blir gjerne kalla Nordkorset.	

12	Med eit ord på T, kva kallar vi denne spesielle munkefrisyra med ein krans av hår rundt ein barbert isse?	
13	Kva for eit amerikansk, multinasjonalt selskap vart stifta av John Francis Queeny i 1901? Det er mest kjend for genmodifisering av såkorn. Det produserer óg ugrasmiddelet Roundup. I 2016 vart det kjøpt opp av det tyske konsernet Bayer.	
14	Frå kva land kjem bilar med dette internasjonale bilkjenneteiknet frå: BY	
15	Kvar for eit akronym på fem bokstavar vert brukt om den internasjonale konvensjonen som omhandlar sikkerheit til sjøs, t.d. krav til brannvern, livbåtar, radiokommunikasjon, handtering av farleg last, trygg navigasjon osv.	
16	Kva heiter nasjonalsporten i Irland der ein nyttar dette utstyret?	
17	Her skal vi fram til ein variant av dei nordiske språka som vert snakka av om lag 2000–3000 menneske i ein bestemt del av Sverige. Om det skal reknast som eit eige språk eller ei svensk dialekt er omstridt, men språket fekk etter litt om og men sin eigen ISO-kode i 2015. Prinsesse Sofia av Sverige kjem frå dette området og forstår språket. Kva heiter det?	
18	Kva for eit ord på K vert nytta om eldre, handskrivne bøker som t.d. <i>Book of Kells</i> eller <i>Den eldre Edda</i> ? I motsetnad til skriftrullar, var slike enkle å bla i, fordi dei som regel var festa saman i ryggen, slik vi kjenner det frå moderne, trykte bøker.	
19	Kva for eit land frigjorde seg frå Tyrkia i 1913? Etter hovedstaden er dei største byane Durrës og Vlorë. Den store innsjøen Shkodër (Skadar) er delt mellom dette landet og eit naboland.	
20	Kven stod i Noreg i 1977 tiltalt for spionasje og landsforræderi med ei strafferamme på 21 år, men døydde før rettssaka tok til? Ho tilstod i avhøyr å ha vore i KGB si teneste i lengre tid.	

21	Kva heiter den svært omdiskuterte og mykje parodierte livsstilsnettsida (tidlegare nyheitsbrev og magasin med same namn) til Gwyneth Paltrow? I følge kritikarane gir sidene svært dyre råd som ikkje har nokon målbar verknad mot problem som ikkje finst. Eit døme kan vere "vaginal steaming" som dei tilrådde i 2015.
22	Kva for ei samling av middelaldersk lyrikk, oppkalt etter klosteret i Bayern der samlinga vart oppbevart og gjenoppdaga i 1803, har gitt navn til eit kjent orkesterverk frå 1900-talet?
23	Under kva for eit pseudonym som startar på F, gav Leonardo frå Pisa ut boka <i>Liber abaci</i> i 1202, som blant anna presenterte lesaren for dei arabiske tala og talet 0?
24	Kva for ein spelar har flest kampar for kvinnelandslaget i handball, og har til saman 11 meisterskapsmedaljar med det norske landslaget?
25	Kva for ei NRK-stemme er kjent frå program som bl.a. <i>Nitimen</i> , <i>Reiseradioen</i> og <i>Hallo i uken</i> , og har også gitt ut bøker som t.d. <i>En annen historie</i> (1981).